

Jostein Hatland  
Fotlandsvegen 103  
5282 Lonevåg

Tlf.: 48 26 47 83  
e-post: [j-hat@online.no](mailto:j-hat@online.no)

Osterøy kommune  
Rådhuset  
5282 Lonevåg

Lonevåg, 25. mars 2018

### Merknad til oppstart av arbeidet med ny områdeplan / strandsoneplan for Lonevåg.

I høve oppstart av arbeidet med ny plan for Lonevåg sentrum, og avvikling av alle eksisterande reguleringsplaner for området, ynskjer eg sterkt at det blir gjort litt justeringer på eigedomen min Lyktanaset, g.nr. 14, br.nr. 141.

Skal ein kome i gang med slike tiltak som det er tenkt gjort i samband med etablering av båthamn på Barkavika, er det heilt avgjerande at bryggeanlegget blir lagt ut frå Lyktanaset. Det er utleige av bryggeplass som skal gi inntekt som kan forsvare utbygging av parkeringsplass, kaianlegg og servicebygg, etc..

Ei plassering av bryggene slik ein her skisserer vil gi fleire fordeler i høve til plasseringa etter gjeldande reg.plan:

#### 1 Vindretning og manøvrering.

Dei som er kjent med vindtilhøva for dette sjøområdet, veit at nardavinden kan stå hardt på inn mot vika. Og alle som har prøvd, veit kor vanskeleg det kan vere å manøvrere båt inn i smale båser i sterk sidevind.

Ved å leggje bryggene ut frå Lyktanaset vil båtene ligga opp mot vinden, manøvrering blir lettere og ikkje minst vil det bli mindre påkjenning på anlegget ved at båtene ikkje blir liggende å rulle i sidevind.

Om ein så legg ut bølgebryter frå Lyktanaset, vil ein få lun og god tilkomst til anlegget innanfor.

#### 2 Maritimt miljø.

Ved å plassere bryggene ut frå Lyktanaset vil ein samle all maritim aktivitet i samband med anlegget på land og parkeringsplassen. På den måten vil ein og få ein nær og intim heilskap i båthamna, med minst mogleg trafikk langs ein elles trafikkert veg.


#### 3 Parkeringsplass.

Slik det fungerer med parkering for båtfolket i Lonevåg i dag, er dei henvist til parkering på kommunal grunn, eller til å oppta sårt tiltrengte parkeringsplasser for handlande i Vågen.

Dette er meir eller mindre langtidsparkering, og det må vere ein forutsetning at dei blir henvist til parkeringsplassen på Lyktanaset.

Så mange parkeringsplasser som det er teikna inn på Lyktanaset, vil i så måte vere eit viktig supplement til dei plassene som er i Lonevåg i dag.

På innfelte kartutsnitt viser eg korleis eg tenkjer å etablere båthamn på eigedomen min Lyktanaset.



Endeleg ber eg om at kommunen finn plass til eit naust utanom arealet som er tiltenkt båthamna. Lyktanaset er ein etter måten stor sjøeigedom med lang sjøline. der familien i generasjonar har hatt naust / nothus plassert fleire stader opp gjennom tidene. Det siste naustet står innanfor arealet til båthamna, og treng sårt til oppjustering. Ein eigna stad for nytt naust, kunne vere like nord for naustet som står der i dag, og der det tidligere har vore plassert naust.

#### Avkjørsel.

Avkjørsel til eigedomen etter gjeldande plan, er svert arealkrevjande, svert kostbar og ligg der som eit hinder for igangsetting og realisering av ny båthamn. Eg ynskjer difor at det i ny plan blir funne ei enklare løysing med direkte avkjørsel til eigedomen.

Håper kommunen kan sjå med velvilje på mine innspel her, og ta omsyn til dei når ny plan no skal utarbeidast.

Med venleg helsing

Jostein Hatland